

God framdrift med anleggsarbeidet i Eikedalen.

10.10.2016



VA-rørleggjar Johannes Kaldestad Feet legg ut og skøyter ledningen.

Det er god framdrift med arbeidet som vert gjort i Eikedalen med å sikra vatn i den tida ein må plastra og mura i elva inst i Flåtene. Musland Maskin har to mann i arbeid. Ein mann med utstyr er leigd inn frå Kvinnherad Energi. Uskedalen.no var på synfaring i dag og fekk ei god innføring i det store og omfattande arbeidet som må gjerast etter flaum- og erosjonsskaden i Eikeelva.



Jone R. Kjærland har vore anleggsarbeidar i Musland Maskin i eit år. Her hjelper han til med utlegging av mellombels vassledning frå Flåtene til Sørstølen.

Det vart i dag lagt avlastningledning frå Flåtene og ned mot vassanlegget på Sørstølen. Det er ein 110 mm ledning som skal forsyna bygda med vatn. Ledningen kjem i rullar på 150 meters lengde. Kvar lengde vert skøytt med såkalla elektromuffer og lagt på bakken frå det 'nye' inntaket på Flåtene, over elva ved gangbrua og vidare langs turvegen ned dalen mot kummen ovom vassbehandlingsanlegget. Det er eit strekk på om lag 1200 meter.



Robert Loven frå Aurland, busett på Sunde, har vore energimontør sidan 1998. Han er fagamann på kabelstrekk og straumførande ledningar frå lågspent til 420 volt.

Kvinnherad Energi har montert slepebane med blokker og trinser. Nytt moderne utstyr, berre fire år gammalt, og eigen energimontør frå Kvinnherad Energi hjelper til med utlegginga av ledningen. Med god radiokommunikasjon vert arbeidet samkøyrte og ein legg ut 150 meter i ein operasjon før det er stopp på ein halv time med skøyting og sveising.

All transport og tilkomst går på den eksisterande skogsvegen på Fetsida. Den inste delen er rydda og opprusta. Frå enden på skogsvegen og inn til inntaket skal det lagast ein enkel trase for maskin og utstyr. Arbeidet er rekna å ta fire veker.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal